



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 01.02.2016
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 09:00 - 15:25

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Magne Hestad	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Heidi Rongved	AP	Magne Hestad

Andre møtande:

Rådmann Trine Pettersen Grønbech
Ass. rådmann Åse Elin Myking
Økonomisjef Truls Morten Kaland
Kommunalsjef Solrun Hauglum
Einingsleiar Willy Andre Gjesdal
Politisk sekretær Sølvi Legård



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
03/2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR
04/2016	OPPRYDDING I ADRESSERING PÅ DALE OG DALEGARDEN
05/2016	KULTURPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE 2016 - 2026
06/2016	TILDELING AV MIDLAR TIL STØLSVEGPROSJEKTET I EKSINGEDALEN FRÅ VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV
07/2016	ØKONOMISK TILSKOT FRÅ LOKALT VILTFOND TIL PROSJEKTET "VERKNAD AV HJORTEBEITING I PLANTEFELT OG UNG PRODUKSJONSSKOG AV GRAN OG FURU"
08/2016	ASFALTERING TOSKEDALSVEGEN - NAUDSYNT FORSTERKNING AV VEG
09/2016	VEDLIKEHALDSSTRATEGI SAMT TILSTAND HELSEBYGG (SJUKEHEIMAR MED OMSORGSBUSTADER)
10/2016	KOMMUNEPLANARBEIDET - STATUS OG FRAMDRIFT
11/2016	KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016 - OPPSTART, ORGANISERING OG FRAMDRIFT
12/2016	KOMMUNEREFORMA - STATUS
13/2016	LØYVE TIL DISPENSASJON OG BRUKSENDRING FOR ETABLERING AV ORDINÆRT ASYLMOTTAK I DELAR AV DALE FABRIKKER AS SINE LOKALER
14/2016	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR



01/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 01/2016 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

02/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 02/2016 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

03/2016: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Rådmann og økonomisjef orienterte om forslag til nytt inntektssystem.

Framlegg til høyringsuttale vil bli lagt fram for behandling i kommunestyret 29.02.



Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 03/2016 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.

04/2016: OPPRYDDING I ADRESSERING PÅ DALE OG DALEGARDEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert sett ned ei namnenemnd for adressering beståande av tre representanter.

Stasjonsvegen på Dale utgår. Dalseidvegen forlengast sørover og Sandlivegen nordover, og Dalegarden opprettast som eigen adresseparsell. Alle involverte grunneigare skal høyrast om den nye adressen, og det vil verte setje opp nye skilt i dei gjeldande kryss om det ikkje kjem nokre klager.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Forslag frå ordførar om at tidlegare vald nemnd vert vidareført.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 04/2016 Vedtak:

Det vert sett ned ei namnenemnd for adressering beståande av tre representanter.

Tidlegare vald nemnd med følgjande medlemmer: Sigmund Simmenes, Marta Knutsen og Arild Sigurdson, vert vidareført.

Stasjonsvegen på Dale utgår. Dalseidvegen forlengast sørover og Sandlivegen nordover, og Dalegarden opprettast som eigen adresseparsell. Alle involverte grunneigare skal høyrast om den nye adressen, og det vil verte setje opp nye skilt i dei gjeldande kryss om det ikkje kjem nokre klager.

05/2016: KULTURPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE 2016 - 2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet legg framlegg til «Kulturplan for Vaksdal kommune 2016 – 2026», dagsett 19. januar 2016, ut på offentleg høyring med 6 vekers høyringsfrist.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Einingsleiar samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal orienterte om arbeidet med planen.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 05/2016 Vedtak:

Formannskapet legg framlegg til «Kulturplan for Vaksdal kommune 2016 – 2026», dagsett 19. januar 2016, ut på offentlig høyring med 6 vekers høyringsfrist.

06/2016: TILDELING AV MIDLAR TIL STØLSVEGPROSJEKTET I EKSINGEDALEN FRÅ VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet/plan- og økonomiutvalet i Vaksdal kommune løyver inntil kr 35 000,-, og maksimalt 15 % av dokumenterte utgifter, til stølsvegprosjektet i Eksingedalen i regi av Eksingedalen bygdaråd. Tilskotet skal nyttast til å dekkje kostnadar med gjennomført innkjøp av nye informasjonstavler.

Tilskotet er løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv. Tildelinga er heimla i §§ 2 og 5 i fondsvedtektene.

Tilskotet vert utbetalt når godkjent sluttrapport med naudsynt dokumentasjon ligg føre (kostnadsoppsett, kopi av faktura, bilete og liknande). Midlane er tilgjengelege ut 2016.

VILKÅR: - Vaksdal kommune kan synfare tiltaket.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 06/2016 Vedtak:

Formannskapet/plan- og økonomiutvalet i Vaksdal kommune løyver inntil kr 35 000,-, og maksimalt 15 % av dokumenterte utgifter, til stølsvegprosjektet i Eksingedalen i regi av Eksingedalen bygdaråd. Tilskotet skal nyttast til å dekkje kostnadar med gjennomført innkjøp av nye informasjonstavler.

Tilskotet er løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv. Tildelinga er heimla i §§ 2 og 5 i fondsvedtektene.

Tilskotet vert utbetalt når godkjent sluttrapport med naudsynt dokumentasjon ligg føre (kostnadsoppsett, kopi av faktura, bilete og liknande). Midlane er tilgjengelege ut 2016.



VILKÅR: - Vaksdal kommune kan synfare tiltaket.

07/2016: ØKONOMISK TILSKOT FRÅ LOKALT VILTFOND TIL PROSJEKTET "VERKNAD AV HJORTEBEITING I PLANTEFELT OG UNG PRODUKSJONSSKOG AV GRAN OG FURU"

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune løyver kr 15 000,- i tilskot til prosjektet «Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu», 2016 – 2018, i regi av NIBIO Furuneset.

Løyvinga skal dekkjast gjennom lokalt viltfond, og vert betalt ut i to omgangar etter at prosjektet har starta opp.

Vedtaket er heimla i § 4 i forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond, og vedtektene for kommunalt viltfond av 20.12.01.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 07/2016 Tilråding:

Kommunestyret i Vaksdal kommune løyver kr 15 000,- i tilskot til prosjektet «Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu», 2016 – 2018, i regi av NIBIO Furuneset.

Løyvinga skal dekkjast gjennom lokalt viltfond, og vert betalt ut i to omgangar etter at prosjektet har starta opp.

Vedtaket er heimla i § 4 i forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond, og vedtektene for kommunalt viltfond av 20.12.01.

08/2016: ASFALTERING TOSKEDALSVEGEN - NAUDSYNT FORSTERKNING AV VEG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

Kommunestyret løyver 550 000 til naudsynt forsterking av Toskedalsvegen før asfaltering. Desse kjem i tillegg til dei 780 000 i vedteke kapitalbudsjett for 2016. Auke på kr 550.000 vert finansiert ved auka låneopptak



Alternativ 2:

Kommunestyret ber rådmannen vurdere og prioritere utbetring av Toskedalsvegen i samla sak om tilstandsregistrering av kommunale vegar. Vedteke budsjettmidlar til asfaltering av Toskedalsvegen i 2016 vert då vurdert opp mot samla vedlikehaldsetterslep for kommunale vegar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Dei 2 alternative forslaga vart sett opp mot kvarandre. Alternativ 1 vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 08/2016 Tilråding:

Kommunestyret løyver 550 000 til naudsynt forsterking av Toskedalsvegen før asfaltering. Desse kjem i tillegg til dei 780 000 i vedteke kapitalbudsjett for 2016. Auke på kr 550.000 vert finansiert ved auka låneopptak.

09/2016: VEDLIKEHALDSSTRATEGI SAMT TILSTAND HELSEBYGG (SJUKEHEIMAR MED OMSORGSBUSTADER)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at «Strategi for eigedomsforvaltning» dagsett 06.11.2015 skal leggjast til grunn for utarbeiding av vedlikehaldsplan for kommunale bygg i Vaksdal kommune for perioden 2017 - 2020.

Kommunestyret tar samandragrapporten om tilstandsvurderingar for sjukeheimar og omsorgsbustader til orientering. Tilstandsvurderinga vil inngå som grunnlagsdokumentasjon i arbeidet med prosjektet LEV VEL i Vaksdal kommune.

Rådmannen vert beden om å utarbeide sak til kommunestyret om vurdering av ulike alternativ for å lukke dei branntekniske avvika som er funnet i helsebygga, jamfør rapporten om oppsummering av branntekniske tilstandsvurderingar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 09/2016 Tilråding:

Kommunestyret vedtek at «Strategi for eigedomsforvaltning» dagsett 06.11.2015 skal leggjast til grunn for utarbeiding av vedlikehaldsplan for kommunale bygg i Vaksdal kommune for perioden 2017 - 2020.



Kommunestyret tar samandragsrapporten om tilstandsvurderingar for sjukeheimar og omsorgsbustader til orientering. Tilstandsvurderinga vil inngå som grunnlagsdokumentasjon i arbeidet med prosjektet LEV VEL i Vaksdal kommune.

Rådmannen vert beden om å utarbeide sak til kommunestyret om vurdering av ulike alternativ for å lukke dei branntekniske avvika som er funnet i helsebygga, jamfør rapporten om oppsummering av branntekniske tilstandsvurderingar.

10/2016: KOMMUNEPLANARBEIDET - STATUS OG FRAMDRIFT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal vedtek at arbeidet med samfunnsdelen held opprinneleg framdriftsplan med vedtak og kunngjering i juni. Arealdelen til kommuneplanen vert føreslått skyvd med 6 mnd.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 10/2016 Tilråding:

Kommunestyret i Vaksdal vedtek at arbeidet med samfunnsdelen held opprinneleg framdriftsplan med vedtak og kunngjering i juni. Arealdelen til kommuneplanen vert føreslått skyvd med 6 mnd.

11/2016: KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016 - OPPSTART, ORGANISERING OG FRAMDRIFT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til oppstart, organisering og framdrift av arbeidet med kommunal planstrategi er vedteke.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 11/2016 Tilråding:

Rådmannen sitt framlegg til oppstart, organisering og framdrift av arbeidet med kommunal planstrategi vert vedteke slik den ligg føre.



12/2016: KOMMUNEREFORMA - STATUS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til plan for utgreiinga slik den ligg føre
2. Kommunestyret vedtek særskilte fokusområde for utgreiing av dei to alternativa slik:
 1. Vaksdal som no
 - a. Konsekvensar av framlegg til nytt inntektssystem
 - b. Sårbare tenester i høve kompetanse og kapasitet
 - c. Mogelegeheitar og konsekvensar i høve interkommunale samarbeid
 - d. Regional utvikling; mogelegheitar og konsekvensar
 2. Vaksdal saman med Osterøy og Bergen
 - a. Arbeidet skal vere tufta på eit hovudprinsipp om likeverd mellom partana. Ein eventuell ny kommune skal etablerast, driftast og bli utvikla med utgangspunkt i kvar av kommunane sine tradisjonar, fortrinn, sterke sider og utfordringar, og at likeverd, rause haldningar og forståing for kvarandre sin ståsted skal bli lagt til grunn ved utgreiingar og forhandlingar. Utvikling av nærdemokrati skal ha høg prioritet.
 - b. Demokratisk nivå aust for Bergen, moegelege alternativ og erfaringar frå andre
 - c. Regional utvikling; mogelegheitar og konsekvensar
 - d. Grensejustering; mogelegheitar og konsekvensar
 - e. Økonomi; mogelegheitar og konsekvensar
 - f. Vinstar for sårbare tenester
 - g. Mogeleg effektivisering administrative kostnader
 - h. Konsekvensar og mogelegheitar for kjerneproduksjonen av tenestene som ligg tettast der folk bur; skule, barnehage, pleie- og omsorg
 - i. Kultur og identitet
3. Som del av utgreiingsarbeidet vert det gjennomført innbyggjarundersøking i samsvar med føresetnader i kommunereforma nasjonalt, departementet sin rammeavtale og vedtak av Vaksdal kommunestyre

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Rådmannen orienterte.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå ordførar:

*Det vert sett ned eit forhandlingsutval som består av ordførar, Kjartan Haugsnes, Heidi Rongved.
Varamedlem: Bjørn Roald*

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (H, KRF)



FPØ - sak 12/2016 Tilråding:

1. Kommunestyret sluttar seg til plan for utgreiinga slik den ligg føre
2. Kommunestyret vedtek særskilte fokusområde for utgreiing av dei to alternativa slik:
 1. Vaksdal som no
 - a. Konsekvensar av framlegg til nytt inntektssystem
 - b. Sårbare tenester i høve kompetanse og kapasitet
 - c. Mogelegeheitar og konsekvensar i høve interkommunale samarbeid
 - d. Regional utvikling; mogelegheitar og konsekvensar
 2. Vaksdal saman med Osterøy og Bergen
 - a. Arbeidet skal vere tufta på eit hovudprinsipp om likeverd mellom partana. Ein eventuell ny kommune skal etablerast, driftast og bli utvikla med utgangspunkt i kvar av kommunane sine tradisjonar, fortrinn, sterke sider og utfordringar, og at likeverd, rause haldningar og forståing for kvarandre sin ståsted skal bli lagt til grunn ved utgreiingar og forhandlingar. Utvikling av nærdemokrati skal ha høg prioritet.
 - b. Demokratisk nivå aust for Bergen, moegelege alternativ og erfaringar frå andre
 - c. Regional utvikling; mogelegheitar og konsekvensar
 - d. Grensejustering; mogelegheitar og konsekvensar
 - e. Økonomi; mogelegheitar og konsekvensar
 - f. Vinstar for sårbare tenester
 - g. Mogeleg effektivisering administrative kostnader
 - h. Konsekvensar og mogelegheitar for kjerneproduksjonen av tenestene som ligg tettast der folk bur; skule, barnehage, pleie- og omsorg
 - i. Kultur og identitet
3. Som del av utgreiingsarbeidet vert det gjennomført innbyggjarundersøking i samsvar med føresetnader i kommunereforma nasjonalt, departementet sin rammeavtale og vedtak av Vaksdal kommunestyre.

Det vert sett ned eit forhandlingsutval som består av ordførar, Kjartan Haugsnes, Heidi Rongved.
Varamedlem: Bjørn Roald.

13/2016: LØYVE TIL DISPENSASJON OG BRUKSENDRING FOR ETABLERING AV ORDINÆRT ASYLMOTTAK I DELAR AV DALE FABRIKKER AS SINE LOKALER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtak 1

DISPENSASJON:

I medhald av § 19-2, jf. § 19-3, i plan- og bygningslova vedtek kommunestyret å gje mellombels



dispensasjon i inntil 7 år, frå arealføremålet næringsverksemd / industri, i kommuneplanen sin arealdel, for etablering av ordinært asylmottak, i deler av bygningsmassen oppført på eigedom gnr. 22, bnr. 253, slik omsøkt.

Det vert med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, sett følgjande vilkår:

1. Dersom administrasjonen innanfor høyringsfristen mottok negativ uttale frå statleg eller regionale mynde må saka takast opp til ny handsaming.
2. Operatøren av asylmottaket skal halda folkemøte ved oppstart av asylmottaket.
3. Det skal ikkje etablerast næringsverksemd eller anna verksemd i tilgrensande lokale / bygg, som vil medføre negative verknader for drifta av asylmottaket. Dette gjeld også for etablering i eller i nærrområde til asylmottaket. Dette med omsyn mest til støy, men og andre tilhøve kring helse, miljø og tryggleik.
4. Dersom det skal nyttast utvendig areal til opphald for brukarane inne på eigedom gnr. 22, bnr. 253, skal det føretakast grunnundersøking for å kartleggje om det er førekomst av forureining.
5. Det vert sett krav om inntil 30 parkeringsplassar øymerka asylmottaket.

Vedtak 2

RAMMELØYVE BRUKSENDRING OG TILTAK:

I medhald av § 20-1, bokstav d, i plan- og bygningslova vedtek kommunestyret at det vert gjeve mellombels rammeløyve for inntil 7 år til bruksendring og tiltak for omsøkte bygningsmasse på eigedom gnr. 22, bnr. 253, frå næringsverksemd / industri, til privat tenestyting, etablering av asylmottak.

Det vert sett følgjande vilkår:

1. All prosjektering og utføring skal vere i medhald av plan- og bygningslova med underliggjande regelverk, (TEK10).
2. I samband med det som er nemnd i pkt. 1, ovanfor, vert det presisert at det også må føretakast ei kartlegging av farleg avfall, og ein miljøsaneringsskilddring, jf. TEK 10 § 9-7, pkt. 1, 2, og 3.
3. Dersom det i prosjektering og utføring vert nytta løysingar som ikkje er preaksepterte, skal slike eventuelle løysingar dokumenterast, ved søknad om i gangsetjing.
4. Det vil bli sett fram krav om uavhengig kontroll av brannteknisk prosjektering utover den obligatoriske kontroll, jf. byggjesaksforskriften SAK 10, § 14-2. Dette gjeld før det vert gjeve i gangsetjingsløyve.
5. Det vert sett fram krav om uavhengig kontroll utover den obligatoriske kontroll, av funksjon / ansvarsområde, kontroll utføring – branntryggleik, jf. SAK § 14-3. Kontroll med utføringa skal vere gjennomført før det vert gjeve mellombels bruksløyve / ferdigattest for heile eller for deler av tiltaket.
6. Dokumentasjon på godkjenning av privat vassforsyning frå Mattilsynet, jamfør drikkevassforskrifta § 8 - 9.
7. Samtykke frå arbeidstilsynet skal liggje føre ved søknad om i gangsetjing, (IG).
8. Det vert også vist til helsetilhøva i asylmottak som er regulert av folkehelseloven og forskrift av 25. april 2003, nr. 486.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-4, ansvarleg søkjar, § 23-5 ansvarleg prosjekterande, vert det gjeve ansvarsrett til følgjande føretak:



FØRETAK A/STAB AS, orgnr. 984548648	L/S S	FAGOMRÅDE Ansvarleg søkjar for heile tiltaket. Ansvarleg prosjekterande for utarbeiding av brannkonsept. Tiltaksklasse 3.
FORTUNEN AS, orgnr. 966103663	S	Ansvarleg prosjekterande for bygningsmessige arbeid, arkitektur. Tiltaksklasse 2.

For b ae vedtaka gjeld f olgjande:

Enkelt vedtak kan etter forvaltningslova klagast p a innan tre veker fr a mottak, jf. Forvaltningslova § 29. Det kan ikkje reisast s oksm al om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som f olgje av vedtaket utan at mogelegheita til  a klage over vedtaket er nytta, jf. Forvaltningslova § 27b.

Dersom dei vidare arbeida ikkje er sett i gang innan tre  r etter at dette l oyve er gjeve, eller vert innstilt i lengre tid enn 2  r, fell l oyve bort, jf. Plan- og bygningslova § 21-9.

Dette l oyve er gjeve i medhald av plan- og bygningslovgjevinga og gjev ikkje utan vidare rett til  a byggje i h ove til annan lovgjeving eller privatrettslege tilh ove, jf. Plan- og bygningslova § 21-6.

Dersom Vaksdal kommune mottok klage p a eit vedtak er ikkje saken endeleg avgjort f or klagen er behandla av Fylkesmannen. Klagebehandlinga kan medf ore at vedtaket blir endra. I gangsetjing av dei aktuelle fagomr ada / funksjonane f or klage er avgjort skjer p a eigen risiko.

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, og Vaksdal kommune sitt gebyrregulativ vedteke i kommunestyre, vert det f olgjande gebyr i saka:

Formannskap/plan- og  konomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

2 skriv vart lagt fram i m otet:

- Uttale fr a fylkesmannen i Hordaland datert 27.01.2016
- Uttale fr a NVE datert 29.01.2016

Einingsleiar Willy Andre Gjesdal orienterte.

If olgje delegasjonsreglementet kan den som har f att delegert mynde overlata til overordna organ  a ta avgjerd i spesielle saker. Med bakgrunn i dette sette ordf orar fram slikt forslag:

Formannskapet sender saka over til kommunestyret for avgjerd, utan tilr ading fr a formannskapet.

Framlegget fr a ordf orar vart sett opp mot framlegget fr a r admannen. Framlegget fr a ordf orar vart vedteke mot 1 r oyst (SV).

FP  - sak 13/2016 Vedtak:

Saka vert oversendt kommunestyret for avgjerd, utan tilr ading fr a formannskapet.



14/2016: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

Orienteringane vart behandla i starten av møtet, etter sak 2.

- Rus og psykisk helse v/kommunalsjef Solrun Hauglum
- Sjukekefråver v/ass. rådmann Åse Elin Myking
- Diverse orienteringar frå rådmannen:
 - LVKs regionmøter 2016 - viktig arena for kraftkommunar
 - KS sin strategikonferanse 1. - 3. februar 2016 førebur og gjer mandat for hovudoppgjeret 2016
 - Oppstart prosjekt brannsam arbeid i regi av Bergensalliansen frå 12. januar 2016, rådmannen er invitert inn i prosjektgruppa
 - Status politiske saker:
 - Avvikling av Vaksdal Næringspark
 - Mellombelse tilsetjingar
 - Tilsette under omstillingsprosessar
 - Raus praktisering av permisjonsreglement
 - Auka tal lærlingar
 - Brøyting Herfindalsvegen - prøveordning
 - Folkebiblioteket som møteplass - biblioteksjefen blir kalla inn til neste formannskapsmøte for å orientera
 - Avtale om renovasjon
 - Føresetnader om innsparing i administrasjonen
- Tema: Vedlikehaldsstrategi v/Einingsleiar Willy Andre Gjesdal, jfr. sak 09/2016

FPØ - sak 14/2016 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.
